

Til

Tysnes, 28.10.2019

Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Kommentarar til Fylkesmannens

«Fråsegn til søknad om regulering av Dalsætervatnet i Tysnes kommune»

«Fylkesmannen meiner at inngrep knytt til reguleringa av Dalsætervatnet vil føre til uønskte inngrep i eit urørt naturområde, og som er eit regionalt svært viktig friluftsområde. Desse negative konsekvensane skal vegast opp mot eit relativt lite årleg energiutbytte»

Fylkesmannen skriv i innleiinga: «relativt lite årleg energiutbytte»

Søkjjar meiner det er eit viktig poeng at tidlegare konsesjonsgitt utbygging vil få ein betydeleg prosentvis auke i produksjonen, med minimalt inngrep i råka naturområde.

«Vegen vil likevel medføre landskapsinngrep inn i friluftsområdet, og alternativet med veglaus utbygging må vere ein føresetnad dersom det skal gis konsesjon»

Angående ein form for veg til område der dammen er tenkt bygd, har me fått innspel frå ein del turgåarar som nyttar friluftsområde i dag. Dei ser positivt på at ein turveg til Dalsætervatnet vil gjera område meir tilgjengeleg.

«I bakgrunnsnotatet for konsesjonen til Solheimsdalen kraftverk står det (s. 19) at det er ål i Singelstadvatnet, men «det er ikke kjent eller forventet at arten vandrer særlig videre oppover i Brekkeelva selv om det ikke kan utelukkes.» I Artskart ligg det derimot inne ei registrering i Grovatnet, som ligg oppstrøms Dalsætervatnet (Artskart, funn 1.7.1989). Dersom det skal gis konsesjon må det dermed setjast vilkår om at vandringsvegen for ål må oppretthaldast»

Etter det ein kjenner til lokalt, så har det ikkje vært registrert Ål ovanfor Singelstadvatnet på over 40 år, og registrering i «Artskart, funn 1.7.1989» skal etter det ein veit handla om ei undersøking på 70-talet.

Ål er omtala fleire stader i NNI-Rapport 479 som er med i konsesjonssøknaden for Solheimsdalen kraftverk, bl.a. i kapittel 5.2.3 på side 32 i rapporten, der det er skrive: «Brekkefossen fungerer som et vandringshinder»

Solheimsdalen Kraft AS

Knut Magne Dalland
Kontor 51 63 11 00
Mobil 47 50 11 00
dalland@solheimsdalen-kraft.no